

Fleire klenodiar til Martabu

30.07.2011



Emilie Nilsen tek imot 3 nye klenodiar

Martabu utviklar seg for kvar dag som minimuseum for handelsverksemda ved Sandakaien. I dag kom Knut Hertzberg Lie med 3 gjenstandar som i alle fall dei litt eldre nikkar gjenkjennande til.

Det var eit snubart vaffeljern, ei krølltang og ei kjøtkvern, som alle har vore å finna på ei hytte i Skårhaug sidan ho vart bygt like etter krigen. Det er huset som Knut no bur i.

Vaffeljernet og krølltanga er tydeleg handsmidde, med innskriftane OM5 og MARGEL. Knut hugsar at slike var i bruk og har spesielt minne om at håret hadde ein tendens til å bli svidd av krølltanga.

Andre minnast bruken av den støypte kjøttkverna og då ikkje minst pølseproduksjonen som skjedde med hjelp av ein lang tut. Mange har delteke i den prosessen!



Tekst og foto: Ola Matti Mathisen